

Tårnagenthelg i Tananger kirke

Ein laurdag i februar har det kome over førti gutar og jenter for å vere tårnagentar i Tananger kirke. Først får dei agentkortet sitt med eit personleg agentnummer og eit hemmeleg symbol. Så må dei gjennom ein labyrint. Ved enden av labyrinten står ein politimann klar for å ta fingeravtrykka deira ...

Politimannen fortel at han blei politi fordi han ønskjer å hjelpe menneske. Han vil prøve å gjere verda litt betre ved å bry seg om dei han møter – både dei «snille» og dei «slemme». Det er jo eit godt tips til oss tårnagentar også!



Oppdrag: tårnbygging

Agentane blir delt inn i grupper ut ifrå dei hemmelege symbola på agentkorta. Første oppdrag er å lage det høgaste tårnet dei klarer med plastkoppar. Rekorden blir 21 koppar i høgda!



Oppdrag: alterlys

Plutseleg oppdagar agentane at alterlyset er borte. Kvar har det blitt av? Det ligg ein lapp med nokre spor der lyset skulle stått. Tårnagentane må bruke Bibelen for å finne løysinga på mysteriet. Dyktige agentar løyser oppdraget raskt, og snart er alterlyset funne att!

Oppdrag: agentmat

I ei skummel bøtte med ris skal agentane leite etter noko dei ikkje veit kva er. Letten er stor når dei finn ein gelefisk. Fisken er eit Jesus-symbol. Så er det på tide med Tårnagentmat! På menyen står det Flaggermusgryte. Ho består av flaggermus-

blod, edderkopp hjarte og rottetarmar! Agentane kosar seg og et av hjartans lyst likevel. (Det var heldigvis tomatsuppe, pølsebitar og spagetti.)

Oppdrag: kyrkjetårn og symboljakt

Gode og mette er agentane klare for neste oppdrag, som er å klatre opp i kyrkjetårnet for å undersøkje kva som står på kyrkjeklokkene. Det mystiske symbolet XP er dei greske bokstavane KR, ei forkorting for Kristus.

Symboljakta held fram, både ute og inne.

På porten er det ein kross, i døypefonten er det ei due. I glasmåleria er det hemmelegheitsfulle teikn. Kyrkja er full av symbol!

Oppdrag: tårnagentsang

Det er på tide å førebu seg til tårnagentgudstenesta neste dag. Agentane skal nemleg delta med å syngje Tårnagentsangen. Kyrkjerommet blir fylt av musikk og glade stemmer: «Vi er tårnagenter!»



Agentane får ulike oppgåver som dei skal gjere i gudstenesta. Nokre skal lese ein bibeltekst, nokre skal ta opp kollekt, nokre skal lese ei bøn og nokre skal vere forsongarar.

Tårnagentane er klare!



Før agentane går heim for å ta seg ein velfortent kvil, samlast alle rundt lysbåten i kyrkja og tenner eit lys kvar. Presten ber om at Jesu lys skal få skinne gjennom oss alle, slik at vi kan få gi lys og varme til dei vi møter.



Oppdrag: gudsteneste

Søndag føremiddag er kyrkja stappfull av tårnagentar, dåpsbarn, fadrar, naboar, familie og vener. Det blir ei fantastisk gudsteneste med bibeldrama og fin musikk! Tårnagentane syng og hjelper til. Dei får også utdelt ei bok kvar. Etterpå er det kyrkjekaker og saft. Tårnagenthelga i kyrkja er over. No ventar nye oppdrag heime, på skulen, på fritidsaktivitetar og i nabola- get. Mange av agentane skulle ønskje dei kunne vere tårnagentar neste år også!

Reportasje: Marianne Bø Weibell
Foto: Marianne Bø Weibell
og Inger Karin Rott